

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Selskap:	Helse Vest RHF
Dato skrevet:	09. juni 2005
Sakshandsamar:	Berit Bore
Saka gjeld:	Årsoppgjer 2004 - Rekneskap for føretaksgruppa og årsmelding 2004

Styresak 65/05 B

Styremøte 17.06. 2005

Bakgrunn

Helseføretaka er pliktige å følge rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste.

I følge §3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med bestemmingar i same lov. Årsrekneskapen og årsmeldinga skal underskrivast av alle styremedlemmer og daglig leiar.

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsanalyse og noter.

Følgjande helseføretak og selskap inngår i konsernrekneskapen:

Helse Vest RHF
Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Vestlandsmat AS

Kommentarar

Årsrekneskap med årsmelding for Helse Vest RHF - morselskap - og føretaksgruppe blir med dette lagt fram.

Det er nytta felles rekneskapsprinsipp og alle vesentlege interne transaksjonar er eliminerte.

Rekneskapen føretaksgruppa er avlagt med eit samla underskot på kr 884 678 065. Underskotet i morselskapet er på kr 933 308 010. Det dårlege resultatet i morselskapet skuldast nedskriving av verdien av innskoten eigenkapital i dotterføretaka. Nedskrivinga utgjorde kr 949 039 555 i 2004. Nedskrivinga er eliminert i rekneskapen for føretaksgruppa av di underskota og er tatt med i dotterføretaka.

Det har i etterkant av den foreløpige rapporteringa blitt gjennomført ei rekkje transaksjonar knytt til årsoppgjeret og avstemmingar. I samband med avstemming av ISF inntektene blei det ved eit mistak bokført kr. 40,3 mill for mykje i ISF-inntektar. Feilen ble først oppdaga etter at vi hadde mottatt endelige opplysningar om ISF oppgjeret 2004 frå Helse- og omsorgsdepartementet den 2/6-2005.

I tillegg til korreksjonen for ISF inntekta er det gjort rettingar i følgjande årsrekneskap samanlikna med dei opplysningane som er gitt i tidlegare rapporteringar:

- Helse Vest RHF netto endring 3,3 millionar kroner fordelt på auka kostnader lab/røntgen r 5,4 millionar og reduserte RTV kostnader 2,1 millionar
- Helse Stavanger - auka kostnader 1,9 millionar kroner
- Helse Fonna reduserte avskrivingskostnader med kr 2,3 mill

Resultatmåling

Helse- og omsorgsdepartementet vil måla resultat etter at avskrivningar utover kva dei hadde lagt til grunn ved budsjetthandsaminga. Korrigert resultat blir etter dette:

Resultat i høve til årsrekneskapen - underskot	kr 884 678 069
Ført mot strukturfond	" 139 027 357
Meiravskrivningar som har skuld i kortare økonomiske levetider	" 214 966 255
Korrigert årsresultat – underskot	<u>kr 530 684 457</u>

Forslag til vedtak:

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumsanalyse, og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning
2. Styret vedtar styrets årsmelding med dei endringar som kjem fram i møtet.

Trykte Vedlegg:

- 1 Konsernrekneskap med noter for Helse Vest
- 2 Forslag til årsmelding frå styret i Helse Vest
- 3 Oppsummering revisjon 2004 for Helse Vest

Utrykte vedlegg:

- 4 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Bergen HF
- 5 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Stavanger HF
- 6 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Fonna HF
- 7 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Førde HF
- 8 Rekneskap med noter og årsmelding frå Apoteka Vest HF
- 9 Rekneskap med noter og årsmelding frå Vestlandsmat AS
- 10 Oppsummering revisjon 2004 for Helse Bergen HF
- 11 Oppsummering revisjon 2004 for Helse Stavanger HF
- 12 Oppsummering revisjon 2004 for Helse Fonna HF
- 13 Oppsummering revisjon 2004 for Helse Førde HF